


Høgelida kraftverk. Coandainntak i dam med regulerbar HRV.

SNITT AV INNTAK:

Viser til skisse under som viser snitt av coandakanal, coandarister og arrangement for bjelkestengsel for å løfte vatnet 60 cm.

Kritisk avstand er frå bjelkestengsel og fram til der coandaristene startar. Vatnet bør ha roa seg før det "stuper" utfor kanten på coandaristene. Skissa viser om lag 1,2 m, noko som burde være nok. Dette gir og god plass å stå på ved montering / demontering av bjelkestengsel.




Figur 1 Snitt av inntak, coandarister, bjelkestengsel m.m.

Ved bjelkestengsel montert må ein ta omsyn til nødvendig flaumoverløp for å unngå vidare nivåheving av vatnet i hekkesesongen til storlomen.

REGULERINGSVOLUM:

Med det tverrsnitt som er vist ovanfor, om lag 2,5 m x 2,5 m og breidde min. 6 m vil samlekanalen åleine gi 36-37 m³ og ein nærmar seg nødvendig reguleringsvolum for turbin (men leverandør bør stadfeste dette).


Verdiar frå LAVVANN gir feltareal 5,6 km² og spesifikk avrenning 89,5 l/s/km². Breidde på dammen sitt flaumoverløp tek eg ikkje stilling til, men ekstremflaum på 1000 l/s/km² (kanskje meir) gir om lag 5,6 m³/s over dammen.



Figur 2 Dam og inntak forfra, coandarister, bjelkestengsel, reguleringsvolum m.m.

INNTAKSKAPASITET.

Turbinslukeevne maks 750 l/s tilseier 6 stk AB1000X (med boulderbars) a' 1 m breidde, totalt 6 m. Kapasiteten er 140 l/s/m, dvs. totalt 840 l/s.



Figur 3 Nedbørsfeltet til inntaket.

Lavvannskart

Vassdragsnr.: 089.6A

Kommune: Vanylven

Fylke: Møre og Romsdal

Vassdrag: MAURSTADELVA

Vannføringsindeks, se merknader

Middelvannføring (61-90)89,5 l/s/km²

Alminnelig lavvannføring14,8 l/s/km²

5-persenil (hele året)16,8 l/s/km²

5-persenil (1/5-30/9)9,0 l/s/km²

5-persenil (1/10-30/4)15,0 l/s/km²

Base flow42,1 l/s/km²

BFI0,5

Klima

KlimaregionVest

Årsnedbør2209 mm

Sommernedbør758 mm

Vinternedbør1451 mm

Årstemperatur4,7 °C

Sommertemperatur8,9 °C

Vintertemperatur1,7 °C

Temperatur Juli10,5 °C

Temperatur August10,7 °C

Feltparametere

Areal (A)5,6 km²

Effektiv sjø (S_{eff})21,3 %

Elvelengde (E_L)2,3 km

Elvegradient (E_G)34,7 m/km

Elvegradient₁₀₈₅(G₁₀₈₅)28,1 m/km

Feltlengde(F_L)2,3 km

H_{min}322 moh.

H₁₀340 moh.

H₂₀0 moh.

H₃₀359 moh.

H₄₀389 moh.

H₅₀415 moh.

H₆₀444 moh.

H₇₀482 moh.

H₈₀539 moh.

H₉₀601 moh.

H_{max}720 moh.

Bre0,0 %

Dyrket mark0,0 %

Myr0,7 %

Sjø23,3 %

Skog21,8 %

Snau fjell54,3 %

Urban0,0 %

Figur 4 Data for nedbørsfeltet frå LAVVANN.

STORLOMENS HEKKEBIOLOGI.

Storlomen klekker om lag 1. juli (Ørskog i år, 27. juni). Rugetid 4 veker tilseier egglegging om lag 1. juni (+/- 14 dg.). Etter at egga er lagt, seinast 15. juni, bør det være uproblematisk å senke vatnet (ta vekk bjelkestengselet / deler av det).

Den største trusselen i rugeperioden er flaum over nivået til reiret som alltid ligg svært nær vatnet. At vassnivået fel i rugeperioden er vanleg og ikkje eit problem for fuglen. Ungane forlet reiret etter 1-2 dagar.

Etter klekking, seinast medio juli, er fiskegarn den største faren for denne arten.

Til orientering har underteikna hatt ornitologi som hobby i "snart 50 år" og storlomen er ein av mine favorittar. På bakgrunn av min kunnskap om storlom vil er rå søkjar om å diskutere dette "reguleringsregimet" med NVE / biolog mtp storlomen sin hekkebiologi.

03.07.2013

Småkraftkompetanse v. Per Kåre Skudal

91862014

smaakraftkompetanse@mimer.no